



Til kyrkjekontora,  
dei kyrkjelege fellesrådskontora  
og bispedømekontora

## Forsøk med alternativ arbeidsgjevarorganisering

### Innleiing

I samband med handsaminga av saka *Veivalg for fremtidig kirkeordning* (KM 08/16) avgjorde Kyrkjemøtet at det skulle opnast for forsøk med alternativ arbeidsgjevarorganisering. Ramma for slike forsøk vart vidare presisert i ei eiga sak i Kyrkjemøtet. (KM 11/17)

Vedtaket i Kyrkjemøtet opnar både for forsøk med samordna leiing i soknet (modell C) og forsøk med ei meir omfattande oppgaveoverlating, orientert ut frå modell A – arbeidsgjevaransvar med utgangspunkt i fellesråda og modell B – arbeidsgjevaransvar med utgangspunkt i bispedømmeråda. Kyrkjerådet ser desse under eitt i handsaminga av søknader og har stilt opp konkrete rammekrav som skal være retningsgjevande for den enkelte søknaden. Dette rundskrivet presenterar kva rammekrav søknader må oppfylle.

For ytterlegare informasjon om formål, kyrkjerettslege spørsmålsstillingar og praktiske avklaringar visar ein til saksorienteringa i [Kyrkjerådet si sak i juni 2017 \(sak KR 27/17\)](#).

### Formål med forsøk

Alle forsøk skal ha som overordna formål å bidra til at dei kyrkjelydane det gjeld skal kunne ivareta oppgåvene sine best mogleg slik desse særleg har kome til uttrykk i kyrkjelova § 9 første ledd og likeeins i § 23 tredje ledd for dei bispedømmeråda det gjeld. Ein må basere forsøka på avtaler om myndigheitsoverføring.

Forsøk kan ha som siktemål å prøve ut sams lokal leiing og danne et best mogleg grunnlag for avgjerder om det vidare arbeidet med kyrkjeordninga som skal skje i dei næraste åra. Slike forsøk vil normalt ikkje halde fram etter innføringa av ny kyrkjeordning.

Forsøk kan og vere orientert ut frå intensjonen om eit framtidig felles arbeidsgjevaransvar, anten med soknet eller rettssubjektet Den norske kyrkja som felles arbeidsgjevar. Desse forsøka vil kunne halde fram også etter

innføring av ny kyrkjeordning og peke fram mot eit mogleg seinare trinn i organisering av kyrkja.

### Avtaler mellom rettssubjekta

Alle forsøk forutset at det vert gjort avtaler mellom det eller dei involverte sokna og organ for rettssubjektet Den norske kyrkja. Slike avtaler vil dermed vere ein nødvendig del av søknaden. Avtalene vil regulere kva for oppgåver/ansvarsområde som vært overlatt frå det eine til det andre av rettssubjekta.

Avtaler innenfor ramma av forsøkene forutset at alle partane som er involverte har gjeve sin tilslutning.

### Igangsetting

Forsøka kan igangsetjast når søknaden er innvilga av Kyrkjerådet.

## Rammekrav til søknadane

Ein søknad om forsøk med alternativ arbeidsgjevarorganisering skal innehalde:

1. Ei avtale som regulerer samarbeidet mellom partane i henhold til prosjektbeskrivinga. Avtala skal vere underteikna av alle dei partane som saka gjeld.
2. Ei utførleg prosjektbeskriving som må innehalde følgjande:
  - Ein presentasjon av kva for partar som skal vere med i forsøket og kva for organ og tilsette som vert involverte.
  - Formålet med prosjektet, herunder kva for ein av dei tre modellane ein tek utgangspunkt i.
  - Ei beskriving av kva for arbeidsgjevarfunksjonar som skal verte overlata til det andre rettssubjektet, herunder om ein søker om overlating av tilsettingsmyndighet.
  - Ei beskriving av korleis arbeidsgjevarfunksjonane vert fordelte
  - Ei beskriving av kva for eventuelle tilpassingar som må gjerast i det aktuelle regelverket
  - Den eventuelle innvirkninga forsøket får på aktuelle virksomheitsplanar og andre styringsdokument.
  - Fordelar og ulemper for partane og for dei tilsette som er involvert.
  - Korleis dei tilsette sin medbestemmelse, vernetjenesten og opparbeidde rettigheter vert ivareteke i førebuingane av og under forsøket.
  - Tidsramme og planer for evaluering.

Prosjektbeskrivinga vert send til alle som skal uttale seg om prosjektet.

3. Ei beskriving av korleis dei økonomiske tilhøva og rekneskapsføringa skal vera mellom partane i forsøksperioden og korleis dette er tenkt ivareteke ved avslutninga av forsøket.

4. Uttale frå det eller dei sokneråda og fellesråda som saka gjeld.

5. Uttale frå den prosten saka gjeld.

6. Uttale frå den biskopen og det bispedømmerådet som saka gjeld.

7. Uttale frå representantar for dei tilsette som saka gjeld og referat frå kontaktmøter mellom arbeidsgjevar og tilsette.

Vegleiingsstoff for søknader vil verte offentleggjort via intranettet og kyrkja si heimeside. Det er så langt ikkje planlagt eigne skjema for innsending. Søkjarar vert bedne om å sende søknadar - med vedlegg - som epost til Kyrkjerådet.  
[post.kirkeradet@kirken.no](mailto:post.kirkeradet@kirken.no)

## Om økonomi

Som utgangspunkt forutset Kyrkjerådet at kvart enkelte forsøk vert gjennomført innafor dei budsjettmessige rammene som det enkelte fellesrådet og bispedømmerådet har i dag. Det vil og vere påkrevd at det vert sett av midler til evaluering av det einssilde prosjektet.

Kyrkjerådet vil i samband med budsjettprosessen for 2018 kome attende med informasjon om det vert gjeve tilskot frå Kyrkjerådet til gjennomføring og evaluering av forsøk med alternativ arbeidsgjevarorganisering.

Oslo, 27. juni 2017

Med vennleg helsing

Jens-Petter Johnsen  
  
Direktør

Ole Inge Bekkelund

Avdelingsdirektør,  
avdeling for kyrkjeordning